



Luffoto frå saksdokumenta som markerar det aktuelle huset

Forvaltningskomiteen har denne veka gjeve dispensasjon frå reguleringsplanen for Korsnes slik at Sven Ove Kjerpeseth kan reisa eit tilbygg på einebustaden sin med ein total utnyttelsesgrad på 25 prosent. Føresetnadene som var sette i reguleringsplanen med ein maksimal utnyttingsgrad på 15 prosent er ikkje i tråd med dagens krav og eksisterande bygnad i dette feltet og det er større fordeler enn ulemper ved å gje dispensasjon.

Bustaden til Kjerpeseth får no eit tillegg i bebygd areal på 45 kvadratmeter. Gjeldande reguleringsplan er frå 1972.

Administrasjonen opplysar at omsynet til planen er viska ut ved at fleire av bustadhusa i dette feltet ikkje er innanfor kravet på 15 prosent. Det er da også i dag heilt vanleg med tomteutnytting på 25-30 prosent i bustadfelt.

Det tilbygget Kjerpeseth skal reisa fell estetisk godt inn med nabobygningane utan å verka prangande og det fører ikkje til at utsikt frå omkringliggjande tomter vert dårlegare, slår administrasjonen fast.

Av Ola Matti Mathisen